




Referat frå møte i Politiråd Luster og Sogndal

Generelt:	
Tid/stad:	Sogndal, tysdag 08.12.20.2020 kl. 09.00 – 11.00.
Møteleiar:	Arnstein Menes
Til stades:	Arnstein Menes, John Olaf Røhme, Magne Straumstein, Britt Veum Hauge, Jorunn Furuheim, Jarle Teo Andersen, Stein Helge Selland, Ole Gunnar Krakhellen, Ivar Kvalen
Forfall:	Kåre Jan Hofrenning
Referat sendt til:	<i>Ivar Kvalen og John Olaf Røhme, LU Arnstein Menes, Ole Gunnar Krakhellen, Jarle Teo Andersen SO Magne Straumstein, Jorunn Furuheim, Stein Helge Selland og Kåre Jan Hofrenning, Politiet</i>
Kopi:	Jarle Skartun, Ellen Njøs Lillesvangstu og Arne Johannessen <i>SLT gruppa SO, Familieforum/SLT LU, Nattugle Styringsgruppa</i>
Referent:	Britt Veum Hauge Politirådskoordinator
Neste møte	Tysdag 2. mars 2021, Gaupne kommunestyresal

Nr	Sak	Ansv.
1	<p>Informasjon om mentorordninga og organisering. v/Jarle Teo Andersen og Jorunn Furuheim</p> <p> MENTOR Politiråd (08.12.20).pptx</p> <p><i>Sjå vedlagt PP</i></p> <p><u>Tilsette i Politiet og Sogndal kommune har delteke i mentoropplæring i Bergen</u> Bergensmodellen (BMO) for mentoropplæring er ei opplæring om førebygging av radikaliseringsprosess mot valdeleg ekstremisme, og har som mål å utruste deltakarane med ei haldnings- og handlingskompetanse som gjer dei i stand til å fange opp og jobbe med personar som:</p> <ul style="list-style-type: none">– står i fare for å gå inn i radikaliseringsprosess– har vore eller er ein del av ekstremistiske nettverk– har returnert frå irregulær krigføring i konfliktområde– er barn av fremmedkrigarar– samt desse gruppene sine pårørande og utvida familienettverk <p><u>Målgruppe for utdanninga:</u> Personar som har ein jobb der dei kjem i kontakt med sårbare unge, vaksne og deira pårørande. Til dømes tilsette i barnevern, familievern, lærarar, flyktningetenesta, skule, psykisk helse, SLT-koordinator, politi, NAV m.m.</p> <p><u>Vidare arbeid</u></p> <ul style="list-style-type: none">- Utarbeide handlingsplan med tema; kompetanse, beredskap, bruk av mentor m.m- Mentorane vil kunne nyttast til rettleiing; politi, lærar, vernepleiar osv. Avradikalisering er krevjande og ein må jobbe tverrfagleg i kommunen. Gjeld ikkje berre barn og ungdom, også vaksne. <p><i>Medlemmane i politiråd gjev tilbakemelding før neste møte (02.03.21) om kven som bør delta i arbeidet med handlingsplan – til politirådskoordinator.</i></p> <p><u>Drøfting:</u></p>	<p>Kommune Politi</p>

- Det er tidligare frå Politiråd sendt ut denne informasjon til skular, flyktningetenesta, barnevern mm:



Handtering ved
bekymring .pdf

- Førebygging: Viktig med tilbod slik at alle barn og unge kan delta i fritidsaktivitetar uavhengig av økonomi til føresette. Luster har oppretta [Luster Fritidsfond](#), som er sjølvgåande og fungera godt.

Sak 2 Generell informasjon frå politiet

- Samarbeid politi – skule
 - Kriminalitet – statistikk
 - Uteliv, rusmiljø m. m
- o Politi har vore på nesten alle ungdomsskulane – 8. trinn, tema delbart. Gjennomfører temaet på dagtid med elevar og på kveldstid med føresette.
 - o Informera også om trendar på foreldremøta. Viktig at føresette snakkar med barna om sosiale media - trendar utviklar seg raskt.
 - o Politiet vil framover melde skular om aktuelle nye trendar slik at dei kan vidareformidla til føresette.
 - o Politiet har hatt møte med russ - god dialog. Skryt til VGS for godt samarbeid.
 - o Nettkriminalitet: Skjer mykje - auke i saker sjølv om ein brukar tid på førebygging. Krev kompetanse og ressurs.
 - o Roleg periode - uteliv.
 - o Sivil rettspleie – auke tal saker i høve økonomiutfordringar. Mål: Betre oppfølging og raskare saksbehandling. Det er i gang ei arbeidsgruppe som jobbar med dette.

Trend: Borrowing; Ligg filmar på sosiale media om korleis du kan naske utan å bli tatt, kva du skal sei dersom du blir tatt mm. Det er og tilfelle der nokon har filma andre og nyttar det som pressmiddel. Viktig at sakene blir anmeldt til politiet.

Drøfting:

- o Foreldrekurs kjem inn som del av introduksjonsprogram i nye føringar. Det kan vere aktuelt å ta inn tema «*delbart*» som del av dette.
- o Politiet er nå i 8 klasse med delbart men det er utarbeida ferdig opplegg også for 5-7 klasse.
- o Nettpatroljen til politiet er på alle sosiale plattformar. Ein merkar at ungdommen brukar sosiale media meir for å kontakte politiet.
- o Førebygging – viktig å ha fokus på å gjere ungdommen kritisk (robust) til innhald på sosiale media og ikkje forby. Reflektere saman med ungdommen.

Sak 3 Aktuell informasjon frå kommune

Sogndal

- o Korona: Løpande info. på heimesida. Kjent smitteveg. Innbyggerane held seg til gjeldande regelverk. Utfordring er bemanning når fleire er vekke. **Spøring; oppmodar om å ta telefon når ukjent nummer, det kan vere smittesporingsteamet.**
- o Økonomiplan ligg ute på høyring med satsingsområder. Der er omtalt m.a prosjekt «*livsmestring robuste barn og unge*» og BTI (betre tverrfagleg innsats). Barnehage har fått mobbelov på lik linje med skule og kommunen er i gang med opplegg som stettar krav. Kommunen har søkt om midlar til barnefattigdom og vil søke midlar til styrking av helsestasjon – skulehelsetenesta.
- o Kommunen er i gang med kommuneplan samfunnsdel. Det har vore gjennomført ein medverknadsprosess i haust.

Islamske trossamfunnet i Sogndal. Al Noor Islamic culture senter Sogn.

- o Godt samarbeid med kommune.
- o God organisering med styre.
- o Ca 200 medlemmar frå kommunar i Sogn.

Luster

- o [Ruspolitisk handlingsplan 2020 - 2024](#) - behandlast i kommunestyre f.k. møte. Hovudfunn, lokal statistikk og nasjonal statistikk – sjå samandrag.

Føringar frå Hersedirektorat er at kommunen i ein slik plan bør synleggjere alt arbeid på området. Dette inneber alle typar førebyggjande tiltak som for eksempel bevillingspolitikk, informasjonstiltak og haldningsskapande arbeid, så vel som oppfølging og rehabilitering av rusmissbrukarar.

- o [Handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2020 - 2024](#) skal også behandlast i kommunestyre f.k. møte. Ei tverrfagleg arbeidsgruppe har utarbeida planen.
- o Helsestasjon- skulehelsetenesta er styrka. Det blir søkt tilskotsmidlar (Hersedir.)
- o Kommunen kjøper teneste av Trygg 24; skjenkekontroll/korona.

	<p>Sogndal og Luster Kort status om prosjekt «Livsmeistring- robuste barn og ungdom».</p> <p>Prosjektet har etablert samarbeid med HVL. I haust har studentar 2 år Idrett, fysisk aktivitet og helse vore på 6 skular 5-7 klasse. 3 i Luster og 3 i Sogndal.</p> <p>Studentane har stått fritt i val av metode og aktivitet for å samle inn synspunkt frå elevane på skulen dei har besøkt. Problemstillingane for studentane sitt arbeid har vore:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. <i>Korleis få fram kva elevane sjølv meiner er viktig for å kunne takle opp- og nedturar i livet?</i> 2. <i>Kva er viktig for elevar i 5.- 7. klasse for at dei skal kunne takle opp- og nedturar i livet?</i> <p>Torsdag 10.desember skal studentane presentere prosjekta sine for prosjekt og styringsgruppa.</p> <p>Ein ser at det er god timing med prosjektet sidan oppvekst likevel skal innføre tema livsmeistring. Det blir framover viktig å sikre engasjement for prosjektet på alle skulane.</p>	
	<p>Oppfølging av tidlige saker (jf referat 22.09.2020)</p> <p><u>Utfordringar knytt til trafikkforholda i Sogndal sentrum.</u></p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Politiet vil ta initiativ til eit møte med Sogndal kommune der ein kan drøfte mulege løysingar. <p><u>Bruk av snøskuter</u></p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Det har blitt gjennomført eit møte; Politi, SNO (Statens naturoppsyn) og Sogndal kommune. Det er ulike måtar å tilnærme seg utfordringane. ○ Både forståelse/kunnskap samt kontrollaktivitet vert viktig. ○ Ein vil samarbeide vidare og bruke media før sesongstart. 	Politiet
	<p>Møteplan våren 2021</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Tysdag 2. mars, Gaupne kommunestyresal ○ Tysdag 1. juni, Sogndal kommunestyresal 	
	<p>Open post</p> <p>Politiet vil framover legge til rette for eit samarbeid med utelivsbransjen og ungdomslaga om ordensreglement og vaktberedskap. Dette for å skape felles forståing slik at når det er off. arrangement/fest er det forutsigbart for alle partar. Kven gjer kva når osv. - forventningsavklaring.</p>	

Neste møte: Tysdag 02. mars kl. 09.00 – 11.00, Luster